

Meld. St. 19 (2018–2019)

# Folkehelsemeldinga – gode liv i eit trygt samfunn

– i korte trekk



Helse- og  
omsorgsdepartementet




# Innhald

---

<b>Kapittel 1 – Berekraftig folkehelsearbeid</b>	<b>5</b>
Hovudgrep i meldinga	6
Forsterka innsats	6
Strategiar i meldinga og planlagde eller påbegynte meldingar, strategiar og handlingsplanar	7
Innsats for eit trygt samfunn og gode levevanar	8
Eit effektivt folkehelsearbeid	10
Potensial ved førebygging	10
Nasjonale mål og berekraftsmåla	12
Globale mål for å redusere ikkje-smittsame sjukdommar	12
Berekraftsmåla til FN	12
<b>DEL 1 – FORSTERKA INNSATS</b>	<b>15</b>
<b>Kapittel 2 – Tidleg innsats for barn og unge</b>	<b>16</b>
Tidleg innsats for barn og unge	17
<b>Kapittel 3 – Saman mot einsemd – regjeringa sin strategi for å førebyggje einsemd (2019–2023)</b>	<b>18</b>
Dei tre hovudmåla i strategien	19
Saman mot einsemd	19
Saman mot einsemd – (2019–2023) Oversikt	20
<b>Kapittel 4 – Mindre sosial ulikskap i helse</b>	<b>22</b>
Mindre sosial ulikskap i helse	23
<b>DEL 2 – INNSATS FOR EIT TRYGT SAMFUNN OG GODE LEVEVANAR</b>	<b>25</b>
<b>Kapittel 5 – Eit trygt og helsefremjande samfunn</b>	<b>26</b>
Nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling	27
Fremje livskvalitet og god psykisk helse i befolkninga	27
Aldersvennleg samfunn	28
Skadar og ulykker	28
Nullvisjon 2019–2027 – reduksjon av alvorlege fallulykker i heimen	29
Vald og overgrep	29

Smittevern og antibiotikaresistens	30
Mattryggleik	30
Drikkevatt	31
Miljø og helse	32
Beredskap	33
<b>Kapittel 6 – Gode levevanar og helsevennlege val</b>	<b>34</b>
NCD-utfordringane	35
Betre helse og livskvalitet for personar med kronisk sjukdom eller sansetap	35
Ny tobakksstrategi for perioden 2019–2021.	36
Hovudmål i ny strategi	36
Ny nasjonal tobakksstrategi	37
Fysisk aktivitet	38
Kosthald og ernæring	38
Rusmiddel og doping	39
Seksuell helse	39
Søvn	40
Kommunikasjon og digitalisering	40
<b>DEL 3 – EIT EFFEKTIVT FOLKEHELSEARBEID</b>	<b>43</b>
<b>Kapittel 7 – Den norske folkehelsemodellen</b>	<b>44</b>
Den norske folkehelsemodellen	45
<b>Kapittel 8 – Helse i all politikk</b>	<b>46</b>
Innsats i frivillig sektor	47
Samarbeid med næringslivet	47
<b>Kapittel 9 – Godt kunnskapsgrunnlag for folkehelsearbeidet</b>	<b>48</b>
Godt kunnskapsgrunnlag for folkehelsearbeidet	49
<b>Kapittel 10 – Økonomiske og administrative konsekvensar</b>	<b>50</b>



# Kapittel 1

## Berekraftig folkehelsearbeid

God helse og livskvalitet er viktig for den enkelte. Helse og livskvaliteten til befolkninga har innverknad på samfunnsutviklinga, og blir sjølv påverka av korleis samfunnet endrar seg.

Regjeringa vil bidra til eit berekraftig velferdssamfunn gjennom eit godt og systematisk tverrsektorielt folkehelsearbeid. Noreg skal følgje opp berekraftsmåla til FN, og eit godt folkehelsearbeid er nødvendig for å nå desse måla. Berekraft er derfor eit gjennomgåande tema i denne meldinga.

Folkehelsearbeidet går for seg i stort sett alle sektorar og på alle forvaltingsnivå. Regjeringa legg vekt på at frivillig sektor, ideelle organisasjonar, næringslivet og offentlege myndigheiter må samarbeide om innsatsen. Arbeidet skal vere kunnskapsbasert, og vi skal vere

pådrivarar for at ny teknologi blir teken i bruk der det er relevant.

Gode levekår, god helse, livskvalitet og trivsel heng saman. Folkehelsearbeidet må leggje til rette for god helse for alle og bidra til mindre sosial ulikskap i helse. Regjeringa prioriterer tidleg innsats blant barn og unge for å bidra til å gi dei ein god og trygg oppvekst. Samtidig må folkehelsearbeidet gjelde alle livsfasar. Vi lever lenger, og det krev tilrettelegging for aktivitet, deltaking og god livskvalitet i høg alder.

Regjeringa legg ei brei tilnærming til grunn for folkehelsepolitikken. I tillegg til det breie folkehelsearbeidet for å nå heile befolkninga ser regjeringa det som viktig å leggje til rette for god helse og livskvalitet hos dei som har særskilde behov. Det gjeld mellom anna personar med kronisk sjukdom eller

funksjonsnedsetjingar. Innsatsen til dei pårørande må takast på alvor. I tråd med Granavolden-plattformen vil regjeringa leggje prinsippet om å førebyggje der ein kan, og reparere der ein må, til grunn i folkehelsearbeidet.

### *Hovudgrep i meldinga*

---

Regjeringa vil vidareføre og vidareutvikle eit effektivt, systematisk og langsiktig folkehelsearbeid. Ein viktig del av dette er å skape eit trygt samfunn og fremje helsevennlege val. Særleg på nokre område ønskjer regjeringa å forsterke innsatsen:

- tidleg innsats for barn og unge
- førebygging av einsemd
- mindre sosial ulikskap i helse

Det er brei semje om store delar av folkehelsepolitikken, og det legg eit godt grunnlag for eit langsiktig arbeid. Denne meldinga byggjer vidare på Meld. St. 19 (2014–2015) «Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter». Hovudtrekka i utfordringsbiletet er i all hovudsak dei same som i 2015. Folkehelsearbeidet må vere langsiktig, og mange av elementa frå den førre meldinga blir vidareførte og forsterka.

Delar av Meld. St. 15 (2017–2018) «Leve hele livet. En kvalitetsreform for eldre» blir følgde opp i denne folkehelsemeldinga. Ein må òg sjå meldinga i samanheng med andre meldingar, planar og strategiar og annan innsats frå regjeringa. Det er utarbeidd ei rekkje andre meldingar, strategiar og handlingsplanar som påverkar folkehelsearbeidet. Desse er omtalte der det er relevant i teksten. Vidare blir fleire kommande eller igangverande arbeid omtalte.

### *Forsterka innsats*

Regjeringa legg vekt på at tidleg innsats for barn og unge er avgjerande for god folkehelse. Livssituasjonen, oppveksten og utviklinga til barn og unge har mykje å seie, og det er viktig å leggje til rette for godt foreldreskap, trygge og gode heimar og eit trygt og godt nærmiljø. Slik kan regjeringa bidra til å fremje god fysisk og psykisk helse i befolkninga. God kvalitet i barnehagen, skulen og skulefritidsordninga (SFO) er avgjerande for læring, trivsel og helse. God samhandling på tvers i tenesteapparatet har òg mykje å seie. Førebygging av vald og overgrep er ein viktig del av arbeidet for ein god oppvekst.

*Strategiar i meldinga og planlagde eller påbegynte meldingar, strategiar og handlingsplanar*

- Strategi for å førebyggje einsemd (2019–2023) (inkludert i denne meldinga)
- Nasjonal tobaksstrategi 2019–2021 (inkludert i denne meldinga)
- Nullvisjon 2019–2027 – reduksjon av alvorlege fallulykker i heimen (inkludert i denne meldinga)
- Demensplan 2025
- Handlingsplan for allmennlegetenesta i kommunane
- Handlingsplan for eit betre smittevern med vekt på helseinstitusjonane
- Handlingsplan for fysisk aktivitet
- Handlingsplan for likestilling av menneske med funksjonsnedsetjing
- Handlingsplan for sjølvmoordsførebygging
- Handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunnlag av etnisitet og religion
- Melding til Stortinget om barne- og ungdomskultur
- Melding til Stortinget om menneskerettane og likeverdet til utviklingshemma
- Melding til Stortinget om nasjonale minoritetar
- Melding til Stortinget om tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehager og skular
- Melding til Stortinget om ungdomspolitik
- Nasjonal alkoholstrategi
- Nasjonal helse- og sjukehusplan 2019
- Nasjonal plan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sykdommer
- Nasjonalt program for et aldersvennlig Norge (2019-2023)
- NCD-strategi (ikkje-smittsame sjukdommar)
- Ny strategi for radioaktiv forureining i dyr, fôr og næringsmiddel i regi av DSA og Mattilsynet.
- Samarbeidsstrategi som fremjar deltaking og styrkjer moglegheitene for barn i låginntektsfamiliar
- Strategi for auka HL («health literacy»)
- Strategi mot internettrelaterte overgrep



Noreg er eitt av verdas beste land å bu i, og for dei fleste er dei materielle forholda svært bra. Men det er sosiale forskjellar, og det gir seg utslag i sosiale helseforskjellar i alle aldersgrupper. Ei hovudutfordring er at mange barn lever i familiar med vedvarande låg inntekt. Regjeringa vil forsterke innsatsen for å redusere dei sosiale forskjellane, både gjennom målretta tiltak og ved å skape like moglegheiter og gode livsvilkår for alle, uavhengig av kjønn, alder, funksjonsnedsetjing, etnisitet, religion og livssyn, og seksuell orientering og kjønnsidentitet. For regjeringa inneber reelt likeverd ikkje berre formelle rettar, men òg reelle moglegheiter. Utdanning, arbeid og økonomiske ressursar bidreg til å motverke forskjellar.

Folkehelsearbeidet handlar òg om å fremje god livskvalitet. Det inneber mellom anna at ein kan delta i samfunnet og oppleve sosial støtte. Mange er einsame, og det er ein alvorleg risikofaktor. Å førebyggje einsemd kan bidra til å fremje livskvalitet og god psykisk helse og førebyggje sjukdom og for tidleg død. Regjeringa vil auke innsatsen mot einsemd og lanserer i meldinga ein strategi for å førebyggje einsemd. Frivillig sektor er ein viktig ressurs.

### *Innsats for eit trygt samfunn og gode levevanar*

Gode lokalsamfunn og nærmiljø er grunnleggjande føresetnader for god helse og livskvalitet. Gode bustadområde med tilgang til friluftsområde og trygge skuleveggar er døme på kva som betyr noko i kvardagen.

Regjeringa legg opp til aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap for eldre menneske der målet er å ta vare på forholdet til familie, venner og sosialt nettverk og skape gode opplevingar og møte på tvers av generasjonane. Regjeringa vil i 2019 etablere eit nasjonalt program for eit aldersvennleg Noreg (Meld. St. 15 (2017–2018) Leve hele livet). Regjeringa har i 2019 etablert Rådet for eit aldersvennleg Noreg, som skal bidra til å gjennomføre programmet. I arbeidslivet og i pensjonspolitikken stimulerer ein til eit lengre arbeidsliv, og avgangsalderen aukar både for kvinner og menn. Seniorressursen er eit viktig samfunnsbidrag.

Regjeringa legg våren 2019 fram ein opptrappingsplan for den psykiske helsa til barn og unge. Arbeidet for å integrere psykisk helse i folkehelsearbeidet held fram.



Dei helsemessige konsekvensane av vald og overgrep kan vere omfattande, alvorlege og potensielt livstrugande. Regjeringa vil vidareføre innsatsen mot vald og overgrep.

Førebygging av skadar og ulykker vil vere ei prioritert oppgåve framover, og ein skal leggje særleg vekt på ein nullvisjon for alvorlege fallulykker i heimen.

Det kan vere fare for at viktige delar av folkehelsearbeidet blir tekne for gitt. Frisk luft, rein natur og sunt inneklima er grunnleggjande for god helse. Arbeidet for å forhindre antibiotikaresistens er ei av dei største helseutfordringane i dag. Strålevern, sjukdomsførebygging gjennom godt smittevern, og arbeid med mattryggleik og trygt drikkevatt er òg avgjerande. Vi kan ikkje bevare den gode helsetilstanden vi har i Noreg i dag, utan å verne om desse områda. Regjeringa vil derfor trekkje fram kor viktig det er å satse vidare på desse områda, som òg er nært knytte til beredskapsfeltet mellom anna når det gjeld drikkevatt og smittevern.

Å kunne gjere gode helseval er ein føresetnad for god helse hos den enkelte. Regjeringa vil vidareføre arbeidet med å leggje til rette for helsevennlege val ved framleis å satse på auka fysisk aktivitet, betre kosthald

og mindre bruk av tobakk og rusmiddel. Samfunnet skal leggje til rette for at sunne val blir enkle val. Ein skal leggje meir vekt på korleis informasjon om helsevennlege val skal nå alle. Det er viktig for at den enkelte kan ta informerte val.

Regjeringa lanserer i denne meldinga ein ny nasjonal tobakksstrategi. Meldinga presenterer òg overordna mål, strategiar og hovudinnsatsområde for fysisk aktivitet, som grunnlag for ein ny handlingsplan for auka fysisk aktivitet.

Regjeringa skal leggje fram ein nasjonal alkoholstrategi. Samarbeidet med næringslivet om sunnare kosthald skal vidareførast.

Eit folkehelsearbeid som når ulike målgrupper i samfunnet, er viktig. Personar med kronisk sjukdom eller funksjonsnedsetjingar møter særskilde utfordringar og må bli tekne vare på. Folkehelsearbeidet må fremje helse og trivsel blant alle innbyggjarar.

### *Eit effektivt folkehelsearbeid*

Eit kjenneteikn ved folkehelsearbeidet er den tverrsektorielle innsatsen og forståinga av kor viktig det er at heile samfunnet gjer ein innsats for å påverke faktorar som fremjar helse og trivsel i befolkninga. Tverrsektorielt samarbeid er derfor nødvendig i folkehelsearbeidet. Tilsvarande viktig er det at både private aktørar og frivillige bidreg saman med offentlege myndigheiter.

Eit effektivt folkehelsearbeid føreset god organisering av arbeidet, eit system for å følgje med på innsatsen og på utviklinga i helsetilstand og risikofaktorar. Det gjeld både på nasjonalt, kommunalt og fylkeskommunalt nivå. Den norske folkehelsemodellen er eit godt utgangspunkt for dette. Det er nødvendig å forske på årsaker og effektive verkemiddel. Regjeringa ønskjer å løfte arbeidet med å vidareutvikle eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

### *Potensial ved førebygging*

Eit godt folkehelsearbeid kan spare både den enkelte og samfunnet for kostnader. Kostnadene med dårleg helse og livskvalitet i befolkninga er omfattande både for den enkelte og for helsevesenet og er derfor utfordrande for eit berekraftig velferdssystem. Helse har innverknad på deltaking i utdanning og arbeidsliv. Det er positivt at det blir fleire eldre, og at levealderen aukar, men det er viktig at dei ekstra leveåra er gode.

I eit slikt perspektiv er førebyggjande og helsefremjande arbeid heilt essensielt, og det har vist seg å vere kostnadseffektivt både på kort og lang sikt (WHO 2014). Eit breitt spekter av førebyggjande og helsefremjande tiltak som er retta mot miljømessige og sosiale forhold og legg til rette for sunne levevaner, og førebyggjande tiltak som screening og vaksinar er nødvendig. Det bidreg til god helse i befolkninga, redusert sosial ulikskap i helse, eit meir berekraftig samfunn og ein meir berekraftig velferdsstat (WHO 2014).

Investeringar i helsetenesta har òg vist seg å ha mykje å seie for forventa levealder. Kjenneteikn ved land som har høg forventa levealder, er høg inntekt i befolkninga, men òg at det blir investert i helsevesenet, i tillegg til utdanning og i ein sunnare livsstil. Det krev innsats på tvers av sektorar (OECD 2017a).

Det finst inga samla oversikt over kor mykje det norske samfunnet kan spare på eit godt folkehelsearbeid, men Helsedirektoratet har gjort fleire samfunnsøkonomiske berekningar av førebyggjande tiltak. Til dømes har direktoratet funne ut at dei potensielle samfunnsgevinstane av at befolkninga følgjer dei offisielle kostråda, er 154 milliardar kroner per år (basert på data for 2013). Den største verdien er knytt til fleire leveår og betre helse (136 milliardar kroner), men reduserte helsetenestekostnader og mindre produksjonstap er òg teke med (Helsedirektoratet 2016a).

Eit anna døme er at samfunnskostnadene ved sjukdom og ulykker er berekna til å utgjere rundt 1860 milliardar kroner i 2013, og førebyggjande tiltak har derfor eit stort potensial (Helsedirektoratet 2016b). Også her utgjer sjukdomsbyrda den største delen av samfunnskostnadene med 75 prosent, helsetenestekostnadene er berekna å utgjere 15 prosent av dei totale samfunnskostnadene, og produksjonstapet er estimert til å utgjere 10 prosent av dei samla samfunnskostnadene.

---

## Nasjonale mål og berekraftsmåla

### Nasjonale mål

I folkehelsepolitikken er det brei tverrpolitisk semje om dei tre nasjonale måla til regjeringa:

1. Noreg skal vere blant dei tre landa i verda som har høgast levealder.
2. Befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel og mindre sosiale helseforskjellar.
3. Vi skal skape eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga.

Regjeringa vidarefører desse tre nasjonale måla. Ein må sjå måla i samanheng med kvarandre, og samla varetek dei ei brei forståing av folkehelsepolitikken, som primært må vere retta mot befolkninga. Vidare krev måla innsats frå alle samfunnssektorar.

### Globale mål for å redusere ikkje-smittsame sjukdommar

Noreg har slutta seg til WHO-målet om å redusere talet på personar som dør for tidleg av ikkje-smittsame sjukdommar (NCD – non-communicable diseases) som hjarte- og karsjukdommar, diabetes, kols og kreft med 25 prosent innan 2025. Målet er seinare endra til 30 prosent reduksjon innan 2030 som følgje av vedtaket av FNs berekraftsmål.

Det er fastsett konkrete mål for dei viktigaste risikofaktorane: alkohol, tobakk, fysisk inaktivitet og usunt kosthald. Utviklinga i Noreg ser ut til å vere positiv for dei fleste måla, men når det gjeld målet om å stoppe auken i fedme og diabetes, går det i feil retning. Når det gjeld målet om å redusere salt i kosthaldet med 30 prosent, er det usikkert ettersom ein manglar tal for Noreg over tid (jf. Folkehelseinstituttet 2018 og <https://www.fhi.no/nettpub/ncd/>).

I oktober 2018 vedtok FN ei ny erklæring om ikkje-smittsame sjukdommar der luftforureining og psykisk helse er inkludert i NCD-agendaen (FN 2018).

### Berekraftsmåla til FN

FNs 2030-agenda med berekraftsmåla ligg til grunn for både nasjonal og internasjonal politikktutvikling. Berekraftsmåla er 17 globale mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Med desse måla er det vedteke eit nytt rammeverk for utvikling og samarbeid om verdas utfordringar der innsats for helse, livskvalitet og sosial utjamning har ei sentral rolle. Også Noreg legg den universelle 2030-agendaen til grunn i nasjonal forvaltning og politikk. Granavolden-plattformen viser til at regjeringa reknar berekraftsmåla til FN som sentrale når det er snakk om å løyse globale utfordringar.

Eit av hovudprinsippa i berekraftsmåla er at ingen skal utelatast («Leaving no one behind»), noko som inneber ei prioritering av dei mest sårbare menneska. Berekraftsmål 3 om helse inneber at ein skal sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder. Fleire av delmåla er viktige for folkehelsa:

- redusere for tidleg død forårsaka av ikkje-smittsame sjukdommar med 30 prosent gjennom førebygging og behandling
- fremje mental helse og livskvalitet
- styrkje førebygging og behandling av misbruk, mellom anna av narkotiske stoff og alkohol
- redusere talet på dødsfall og sjukdomstilfelle som er forårsaka av farlege kjemikal og forureina luft, vatn og jord

Noreg si oppfølging av berekraftsagendaen vil ha konsekvensar for folkehelsearbeidet både lokalt, regionalt og nasjonalt. Samarbeid er heilt nødvendig for å nå måla. Mange av måla er relevante for helsa og livskvaliteten til befolkninga, ikkje berre mål 3 om god helse. Det gjeld mellom anna mål om ernæring (under mål 2), reint vatn og gode sanitærforhold (mål 6), avskaffing av alle former for vald mot alle jenter og kvinner (berekraftsmål 5), lik tilgang for alle til helsetenester

(mål 10) og ansvarleg medisinbruk for å motverke antibiotikaresistens. Å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling i tråd med berekraftsmåla gir retning for folkehelsepolitikken framover.

Oppfølginga av berekraftsmåla er integrert i det ordinære arbeidet til regjeringa. For kvart av dei 17 berekraftsmåla er det eit departement som er ansvarleg for å koordinere oppfølginga. Departementa rapporterer om oppfølginga av måla dei har ansvar for i budsjett dokumenta sine. Utanriksdepartementet koordinerer oppfølginga internasjonalt, og Finansdepartementet summerer opp hovudpunkta i rapporteringa i nasjonalbudsjettet.

---



# *Del 1*

---

*Forsterka innsats*





## Kapittel 2

### *Tidleg innsats for barn og unge*

*Kapittel 2 legg til grunn at tidleg innsats for barn og unge er eit tverrsektorielt ansvar og ei av dei viktigaste oppgåvene i samfunnet. Tidleg innsats er nødvendig for å førebyggje behovet for meir inngripande tiltak på eit seinare tidspunkt og legg grunnlaget for ei berekraftig samfunnsutvikling. Kapittelet synleggjer arbeidet regjeringa gjer for å styrkje foreldreskap og sikre god kvalitet i helse- og velferdstenestene og i barnehagen, skulen og skulefritidsordninga. Kapittelet omtaler det viktige i gode kultur- og fritidstilbod og eit trygt nærmiljø. Særlege tiltak retta mot ungdom blir òg løfta fram, mellom anna helse- og velferdstenester for studenter.*

---

## Tidleg innsats for barn og unge

### Regjeringa vil

- vurdere å prøve ut ordningar med å gjennomføre fireårskontrollen i barnehage
- vidareføre den omfattande satsinga på kvalifisering av og vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar
- styrkje tidleg innsats for og kompetanse om minoritetsspråklege barn og unge i heile utdanningsløpet i tråd med regjeringa sin strategi Integrering gjennom kunnskap (2019–2022)
- leggje fram ei melding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap
- vidareføre kompetansearbeidet mot mobbing med endå fleire skular og barnehagar som deltakarar
- leggje fram ei barne- og ungdomskulturnemelding
- vidareutvikle ung.no for at nettressursen skal bli endå meir brukartilpassa, som ein kanal for kommunikasjon mellom staten og dei unge
- styrkje tilbodet om rettleiing til foreldre gjennom oppfølging av strategi for foreldrestøtte
- leggje fram ei melding om ungdomspolitik
- leggje fram ein samarbeidsstrategi som skal fremje deltaking og styrkje moglegheitene for barn i låginntektsfamiljar
- vurdere oppfølginga av forskingsprosjektet med utprøving av meir tid til fysisk aktivitet og kroppsøving i skulen
- samle og identifisere gode idear og konkrete løysingar for frukostordningar i ungdomsskulen og spreie desse på ein eigna måte
- gjere den nasjonale faglege retningslinja for mat og måltid i skule og SFO betre kjend og bidra til å utvikle og spreie kurs- og kompetanseopplegg for SFO-tilsette
- gjennom skuleprosjektet til Norsk Friluftsliv vidareutvikle eit utval eksisterande, vellykka satsingar innanfor friluftsliv retta mot barn og unge i pedagogiske institusjonar som barnehage, SFO og skule
- gi Friluftsrådernes Landsforbund økonomisk støtte til å utvikle og drive eit prosjekt som skal kartleggje og systematisk vidareutvikle vellykka aktivitetstiltak innanfor friluftsliv for barn og unge i ferie og fritid
- halde fram arbeidet med å etablere lågterskeltenester innanfor psykisk helse, inkludert digitale løysingar for studentar
- oppmode vertskommunane om å gå gjennom tilbodet dei har når det gjeld førebygging og tidleg innsats overfor studentar.
- framleis stimulere studentsamskipnader og høgare utdanningsinstitusjonar til å tilby tiltak for å betre den psykiske helsa til studentane, gjere informasjon om psykisk helsetilbod lettare tilgjengeleg og styrkje kompetansen om psykiske helseproblem på utdanningsinstitusjonane
- vurdere korleis det førebyggjande arbeidet mot einsemd kan innrettast slik at det kjem studentane til gode
- vurdere å innføre ei prøveordning med kombinerte omsorgs- og studentbustader



## Kapittel 3

*Saman mot einsemd –  
regjeringa sin strategi for  
å førebyggje einsemd  
(2019–2023)*

*Kapittel 3 omtaler regjeringa sin strategi for å førebyggje einsemd. Einsemd som folkehelseutfordring skal synleggjerast gjennom kampanjar og tiltak for auka sosial deltaking. Regjeringa vil òg få meir kunnskap om einsemd og kva som er dei mest effektive tiltaka for å redusere uønskt einsemd. Det skal òg jobbast meir systematisk for å førebyggje einsemd og auke den sosiale støtta.*

## Kva er einsemd?

- I Noreg blir ordet «einsemd» brukt både om den ønskte og den uønskte einsemda.
- I England blir ordet «loneliness» brukt om den uønskte og vonde einsemda, mens «solitude» blir brukt om den ønskte einsemda: sjølvvald isolasjon og tilbaketrekking, fordi ein treng kvile, ønskjer ro, held på med eit kreativt prosjekt eller liknande.

---

## Dei tre hovudmåla i strategien

Regjeringa sin strategi mot einsemd har desse tre hovudmåla med tilhøyrande satsingsområde:

1. Synleggjere einsemd som folkehelseutfordring og stimulere til auka sosial deltaking
  2. Få meir kunnskap om einsemd og effektive tiltak
  3. Arbeide systematisk for å førebyggje einsemd og auke den sosiale støtta
- 

---

## Saman mot einsemd

### Regjeringa vil

- synleggjere einsemd som ei folkehelseutfordring gjennom kampanjar og auka nasjonal og lokal merksemd om einsemd
  - stimulere til etablering av møteplassar for auka sosial deltaking
  - auke kunnskapen om einsemd og effektive tiltak
  - arbeide systematisk for å førebyggje einsemd og auke den sosiale støtta
-

---

## **Saman mot einsemd – (2019–2023) Oversikt**

### ■ Hovudmål 1

Synleggjere einsemd som folkehelseutfordring og stimulere til auka sosial deltaking

#### *Satsingsområde 1*

*Samarbeid med frivillig sektor for å mobilisere mot einsemd*

#### *Satsingsområde 2*

*Tiltak retta mot einsame unge*

- Synleggjere einsemd og generasjonstreff som del av programmet for folkehelsearbeid i kommunane (2017–2026)
- Vurdere å etablere ungdomspanel
- Setje livsmeistring på timeplanen
- Arbeide for sosial deltaking blant barn og unge
- Vurdere behov for nye møteplassar
- Gjere det lettare for barn og unge å delta i fritidsaktivitetar
- Teknologisk støtte til fritidsaktivitetar for barn med funksjonsnedsetjingar og familiane deira
- Betre psykisk helse hos studentar og førebyggje einsemd

#### *Satsingsområde 3*

*Tiltak retta mot einsame eldre*

- Utvikling og utprøving av teknologiske verktøy for å mobilisere mot einsemd blant eldre
- Aktivitetstiltak for å motverke einsemd og passivitet
- Førebyggjande heimebesøk
- Livsglede for eldre og livsgledesertifisering
- Besøks- og aktivitetsvenner i eldreomsorga
- Lokale møteplassar
- Bidra til å utvikle eit større mangfald av møteplassar mellom generasjonar

## ■ Hovudmål 2

Få meir kunnskap om einsemd og effektive tiltak

### *Satsingsområde 4*

Kunnskapsoppssummeringar og forskning om einsemd og effekt av tiltak

- Vurdere tiltak for korleis data om livskvalitet kan gjerast tilgjengelege på ein best mogleg måte
- Vurdere korleis det kan utviklast indikatorar for einsemd blant vaksne i folkehelseprofilane
- Bidra til meir kunnskap om kva einsemd har å seie for psykisk helse
- Bidra til systematiske evalueringar på effekten av tiltak for å førebyggje einsemd og styrkje sosial støtte
- Forsking på teknologiske hjelpemiddel for auka sosial kontakt og samarbeid over generasjonar
- Bidra til auka forskning på kva sosiale medium har å seie for einsemd og sosial støtte

## ■ Hovudmål 3

Arbeide systematisk for å førebyggje einsemd og auke den sosiale støtta

### *Satsingsområde 5*

*Einsemd inn i folkehelselova § 7*

### *Satsingsområde 6*

*Sikre at det blir lagt vekt på einsemd og sosial støtte i vurdering av nye tiltak i alle relevante sektorar*

- Bruke plan- og bygningsmessige verkemiddel for lokalsamfunnsutvikling som kan førebyggje einsemd
  - Tilgjengelegheit, transport og bustadformer for framtida
-



*Kapittel 4 beskriv regjeringa sin politikk for å redusere sosial ulikskap i helse. Folkehelse og sosiale forskjellar i helse heng nært saman med velferdsutviklinga og forskjellar i levekår, arbeid, utdanning og inntekt. Det er nødvendig med tiltak som rettar seg mot heile årsakskjeda: frå grunnleggjande leve-kårsforhold til levevanar, fysiske og sosiale miljøfaktorar og helsetenester. Det må vurderast potensielle fordelingseffektar av tiltak og strategiar på lokalt og nasjonalt nivå, og det skal vurderast ein ekstern gjennomgang av den norske politikken for å redusere sosiale helseforskjellar.*



---

## *Mindre sosial ulikskap i helse*

### **Regjeringa vil**

- leggje vekt på fordelingseffektar ved prioritering av folkehelseiltak
  - vidareføre sektorrapporteringa om status i det nasjonale folkehelsearbeidet og styrkje fordelings-perspektivet i indikatorrapporteringa
  - leggje til rette for å oppfylle krava i folkehelselova og utgreiingsinstruksen om å vurdere konsekvensar for folkehelsa der det er relevant, gjennom ei systematisk vurdering av korleis tiltak og strategiar påverkar fordelinga av helsa til folk sosialt og geografisk
  - vurdere ein ekstern gjennomgang av den nasjonale politikken for utjamning av sosiale helseforskjellar. Ein slik gjennomgang kan leggje grunnlag for ein ny nasjonal strategi for å jamne ut sosiale helseforskjellar.
  - greie ut årsakene til sosial ulikskap i bruken av helsetenester og i behandlingresultat
  - vidareføre innsatsen mot barnefattigdom
  - vidareføre arbeidet med å forbetre levekåra i utsette byområde gjennom områdesatsingar
  - vidareføre arbeidet for å redusere fråfallet i den vidaregåande opplæringa
  - følgje opp inkluderingsdugnaden og integreringsløftet for å få fleire utsette grupper inn i arbeidslivet
-



# *Del 2*

---

*Innsats for eit trygt samfunn  
og gode levevanar*



## Kapittel 5

---

### *Eit trygt og helsefremjande samfunn*

*I kapittel 5 om eit meir helsefremjande samfunn er det lagt vekt på å utvikle eit samfunn som fremjar helse og trivsel. Det inkluderer eit samfunn som fremjar god psykisk helse og har ei aldersvennleg innretning. Aktiv aldring handlar om at eldre menneske blir rekna som ein ressurs i samfunnet, og om å leggje til rette for deltaking og medverknad. Eit aldersvennleg samfunn vil omfatte tiltak for å stimulere til aktivitet og meistring.*

*Nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling er sentralt i folkehelsearbeidet. Gode lokalsamfunn har mykje å seie for livskvalitet og utvikling av sosiale nettverk som bidreg til trivsel, tilhøyrsløse og god helse. Det er eit mål å utvikle eit meir helsefremjande miljø og verne befolkninga mot miljøfaktorar som støy, luft-forureining, miljøgifter, stråling, dårleg inneklime, risiko for ulykker og skadar og mat- og vassborne sjukdommar. Førebygging av vald står sentralt i arbeidet.*

*Kapittelet presenterer ein nullvisjon for alvorlege fallulykker i heimen og omtaler regjeringarbeidet for å styrkje og få meir kunnskap om livskvaliteten til befolkninga.*

---

## *Nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling*

### **Regjeringa vil**

- arbeide vidare med områdesatsing i dei store byane for å løfte bydelar med sosiale utfordringar
  - løfte fram og støtte bustadbygging i fortettingsprosjekt som gir gode nærmiljø
  - løfte fram og støtte utvikling av aktivitetsvennlege bu- og nærmiljø og lokalsamfunn i ny handlingsplan for fysisk aktivitet
  - revidere rettleiinga om naturvennleg tilrettelegging og fullføre rettleiingsmateriell om planlegging og tilrettelegging av ferdselsårer for friluftsliv
  - starte eit fleirårig ferdselsåreprosjekt med sikte på å fremje samanhengande nettverk av turstiar i kommunane
  - i 2019 fremje forslag om at friluftsløva kan gi ein generell tilgang til ikkje-motorisert ferdsel i utmark
- 

---

## *Fremje livskvalitet og god psykisk helse i befolkninga*

### **Regjeringa vil**

- følgje opp regjeringa sin strategi for god psykisk helse «Mestre hele livet» (2017–2022)
  - vurdere korleis data om livskvalitet kan gjerast best mogleg tilgjengelege
  - førebyggje kroppspress ved å leggje til rette for det vidare arbeidet med etiske retningslinjer for påverkarar, nettverk og annonsørar
  - samanfatte kjend kunnskap og setje i verk forskning om kva levevanar har å seie for psykisk helse
  - utvikle og tilpasse verktøy og metodar for å integrere omsynet til levekår, helse og livskvalitet hos innvandrarar i lokalt folkehelsearbeid
  - utarbeide ein ny handlingsplan for å førebyggje sjølv mord
-

---

## Aldersvennleg samfunn

### Regjeringa vil

- gjennomføre Nasjonalt program for eit aldersvennleg Noreg som ein del av kvalitetsreforma for eldre – Leve hele livet. Programmet skal vere med og konkretisere «Flere år – flere muligheter. Regjeringens strategi for et aldersvennlig samfunn». Programmet skal byggje på partnerskap og samarbeid med ulike verksemdar og organisasjonar på tvers av sektorar
  - etablere eit nasjonalt eldreombod
- 

---

## Skadar og ulykker

### Regjeringa vil

- styrkje kunnskapsgrunnlaget når det gjeld skadar og ulykker, og mellom anna sørge for betre og meir komplette skadedata og for å gjere data meir tilgjengelege
  - leggje til rette for samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor, og mellom anna styrkje Skadeforebyggende forum
-

---

## *Nullvisjon 2019–2027 – reduksjon av alvorlege fallulykker i heimen*

### **Regjeringa vil**

- utvikle ein tverrsektoriell handlingsplan for ein nullvisjon for alvorlege fallulykker i heimen. Handlingsplanen skal mellom anna omfatte hjelpemiddel og velferdsteknologi, førebyggjande heimebesøk, fysisk aktivitet og balansetrening, ernæringstiltak, gjennomgang av legemiddelbruk og oppfølging etter fall. Han kan òg omfatte bustadtilpassing og rådgiving.
- 

---

## *Vald og overgrep*

### **Regjeringa vil**

- vidareføre innsatsen mot vald og overgrep og følgje opp regjeringa sin opptrappingsplan
  - vidareutvikle Handlingsplan mot vold i nære relasjonene.
  - utarbeide ein strategi mot internettrelaterte overgrep
  - følgje opp ny Handlingsplan mot voldtekt (2019–2022)
  - sikre at indikatorar for vald og overgrep blir innarbeidde i folkehelseprofilane
  - vurdere vidare oppfølging av tiltak mot vald og overgrep i folkehelseprogrammet
  - prioritere arbeidet med å førebyggje vald og overgrep mot barn og arbeidet med å styrkje behandlingstilbodet til personar som gjer seg skuldige i overgrep
-



---

## **Smittevern og antibiotikaresistens**

### **Regjeringa vil**

- framleis prioritere arbeidet mot antibiotikaresistens ved å implementere Nasjonal strategi mot anti-biotikaresistens (2015–2020) og handlingsplanane mot antibiotikaresistens i helsetenesta og for eit betre smittevern
  - leggje til rette for at helsepersonell i Noreg kan ta ei utdanning i smittevern på masternivå
  - starte ein prosess for å få kunnskap om smittevern tydelegare inn i alle relevante medisinske spesialitetar
  - vurdere eit akkrediteringssystem for infeksjonsepidemiologi
- 

---

## **Mattryggleik**

### **Regjeringa vil**

- følge utviklinga med omsyn til smitte frå vegetabilske matvarer og be Mattilsynet arbeide vidare med å sjå til at norske verksemder og importørar har gode system for å sikre at eteklare vegetabilske matvarer er trygge
  - vurdere tiltak for å verne barn og unge mot helseskadar som følgje av høgt konsum av energidrikker
  - utarbeide ein ny strategi for å styrkje beredskap og informasjon i forvaltninga av radioaktiv forureining i dyr, fôr og næringsmiddel i regi av DSA (Direktoratet for strålevern og atomtryggleik) og Mattilsynet
-

---

## *Drikkevatt*

### **Regjeringa vil**

- ta del i arbeidet med kapasitetsbygging og utvikling av internasjonale støtteverktøy for sjukdoms-overvaking og risikobasert overvaking av drikkevasskvalitet som går for seg i samband med WHO/ UNECE-protokollen om vatn og helse
  - evaluere og oppdatere gjennomføringsplanen for nasjonale mål for vatn og helse innan 2020
  - vurdere eit program for teknologiutvikling i vassbransjen
  - etablere eit interdepartementalt samarbeidsforum med sikte på ei heilskapleg forvaltning der ein ser vatn, avløp og anna som kan påverke drikkevattnet eller er viktig for samfunnstryggleiken, i samanheng
  - vurdere å setje ned eit utval for å gjennomgå rapportering på vassområdet med sikte på å effektivisere og identifisere veikskapar og utfordringar på området
-

---

## Miljø og helse

### Regjeringa vil


- vurdere modellar for å kunne støtte kommunane betre på området miljø og helse
  - vidareføre samarbeidet med andre europeiske land om å overvake utviklinga i innhaldet av miljø-gifter i befolkninga og arbeide vidare med å kartleggje og følgje med på miljøgift- og kjemikaleksponeringa i den norske befolkninga, mellom anna synergieffektar mellom radioaktiv forureining og andre miljøgifter, og sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere potensielle helseeffektar
  - styrkje kunnskapen om luftforureining gjennom forskning og systematiske kartleggingar, mellom anna omkring effekten av ulike tiltak
  - vurdere om sonegrensene i retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520) bør endrast i tråd med nye nasjonale mål, og eventuelt endre sonegrensene
- vurdere oppdatert kunnskapsgrunnlag om kva slags grenseverdiar for svevestøv som bør gjelde frå 2020
  - vurdere tiltak for å styrkje gjennomføringsevna på området lokal luftkvalitet
  - starte arbeidet med å fastsetje nye nasjonale mål for støy, mellom anna greie ut ny måleindikator for støy med fokus på søvn, greie ut kostnadseffektive støyreducerande tiltak og vurdere å gjennomføre tilrådde tiltak
  - evaluere korleis byggtekniske krav tek omsyn til helsemessige forhold
-

---

## **Beredskap**

### **Regjeringa vil**

- planleggje og gjennomføre ei nasjonal beredskapsøving i 2020/2021 innanfor strålevern- og atomberedskap.
  - følgje opp arbeidet med sikring av objekt på drikkevassområdet etter ny tryggingslov
  - følgje tryggings- og beredskapsarbeidet i kommunar og vassverk
  - følgje opp innstillinga frå overvassutvalet
  - følgje opp den gjennomgangen Helsedirektoratet har gjort når det gjeld legemiddelberedskap
  - styrkje samarbeidet med frivillig og privat sektor for å lære folk flest meir om førstehjelp
-



## Kapittel 6

---

### *Gode levevanar og helsevennlege val*

*Regjeringa vil halde fram arbeidet med å gjere det lettare å ta sunne val, mellom anna gjennom å leggje til rette for betre kosthald og auka fysisk aktivitet. Kapittel 6 i meldinga varslar at det skal utarbeidast ein ny NCD-strategi som mellom anna skal inkludere psykisk helse og muskel- og skjelettlidingar. Kapittelet presenterer òg ein ny nasjonal tobakksstrategi for perioden 2019–2021 og mål og strategiar for ein ny handlingsplan for fysisk aktivitet.*

*Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold skal følgjast opp. Arbeidet med mat og måltid blant eldre skal vidareførast. Det skal utarbeidast ein alkoholstrategi. Det blir òg varsla ein strategi om «health literacy» (om å forstå og bruke informasjon om helse).*

*Regjeringa vil fremje god helse og livskvalitet hos personar med kronisk sjukdom og funksjonsnedsetjingar, til dømes sansetap. Det er tidlegare varsla ei sterkare satsing på førebyggjande arbeid i helse- og omsorgstenesta, som må tilpasse seg utfordringane med livsstilssjukdommar og fleire pasientar med kroniske lidingar.*

---

## *NCD-utfordringane*

### **Regjeringa vil**

- utarbeide ein ny NCD-strategi som skal inkludere muskel- og skjeletthelse og psykisk helse
  - følgje opp registerdata frå dei seks nasjonale helseregistera for muskel- og skjelettsjukdommar og funna i Helseatlas for ortopedi til å førebyggje sjukdom, motverke uønskt variasjon i behandlinga og auke pasienttryggleiken
  - etablere eit nasjonalt nettverk mellom dei regionale sentera for astma, allergi og overfølsemd (RAAO) for å fremje eit heilskapleg, landsdekkjande og likeverdige tilbod
  - innføre pakkeforløp for muskel- og skjelettlidingar
- 

---

## *Betre helse og livskvalitet for personar med kronisk sjukdom eller sansetap*

### **Regjeringa vil**

- bruke resultatane i Hunt 4, utgreiinga om organisering av høyrse- og synstilbodet frå Helsedirektoratet og Sintef-rapporten om høyreapparatformidling til å vurdere aktuelle tiltak
  - vurdere tiltak for å førebyggje høyrselstap, til dømes opplysning retta mot utsette grupper og tiltak på arenaer i yrkesliv og fritid, som konsertar, russefeiring og andre fritidsarenaer for ungdom
  - oppmode kommunar om å vurdere sansetap som element i arbeidet med å overvake forhold som påverkar helse og livskvalitet
  - betre oppfølginga og opplæringa av personar med kroniske sjukdommar gjennom utprøving av primærhelseteam og gjennom frisklvs-, lærings- og meistringstilbod
  - ta sikte på å utarbeide ein pårørandestrategi i tråd med Granavolden-plattformen
-

---

## Ny tobakksstrategi for perioden 2019–2021.

Regjeringa legg her fram ein ny tobakksstrategi for perioden 2019–2021.

Noreg er gjennom tobakkskonvensjonen forplikta til å ha oppdaterte strategiar og handlingsplanar på tobakksområdet. Vidare har Noreg slutta seg til NCD-målet om 30 prosent reduksjon i tobakksbruk fram mot 2025 og berekraftsmåla om å redusere NCD-dødsfall med ein tredjedel fram mot 2030 og å styrkje gjennomføringa av tobakkskonvensjonen i alle land.

Regjeringa vil gjennom denne strategien ta sikte på å redusere tobakksrelaterte helseskadar i Noreg og bidra til å oppfylle desse internasjonale forpliktingane. Strategien følgjer opp Granavolden-plattformen, der det kjem fram at regjeringa vil utarbeide ein ny tobakksstrategi, med mål om ein generasjon der ingen er avhengig av tobakk.

---

---

## Hovudmål i ny strategi

Det overordna målet for tobakksstrategien er å oppnå ein tobakksfri ungdomsgenerasjon. Samtidig er det nødvendig å hjelpe fleire vaksne røykjarar til å slutte dersom vi skal redusere den enorme sjukdomsbyrda som har opphav i røyking. Regjeringa er oppteken av at dette skal gjerast på ein måte som ikkje avgrensar handlefridommen til folk, men som samtidig tek konsekvensen av dei alvorlege skadeverknadene av tobakk. Regjeringa er òg oppteken av å oppfylle dei norske forpliktingane etter tobakkskonvensjonen.

### ■ Mål for 2021:

- Prosentdelen daglegrøykjarar blant innbyggjarane er under 10 prosent (12 prosent i 2018).
- Bruken av snus blant unge skal ikkje auke (19 prosent dagleg og 6 prosent av og til i 2018).
- Kunnskapen om bruk av tobakk blant gravide har auka.

Desse måla speglar dei viktigaste innsatsområda i tobakkspolitikken. Departementet vil òg vurdere korleis prosentdelen unge som bruker snus, kan bli redusert utover strategiperioden.

---

---

## Ny nasjonal tobakksstrategi

### Regjeringa vil

- føre vidare dagens satsing på skuleprogram og tobakkskampanjar
- vurdere tiltak for betre informasjon til gravide om helserisikoen ved bruk av røyk og snus, og få betre oversikt over gravide sin bruk av tobakks- og nikotinprodukt
- greie ut endringar i tobakkskadelova for å betre vernet mot passiv røyking, særleg på arenaer der barn ferdist, og vurdere korleis kommunane kan få betre verktøy i samband med at naboar blir plaga av røyking
- følgje opp tobakkskonvensjonen art. 5.3 om plikta til å hindre at tobakksindustrien får påverke tobakkspolitikken, og som ein del av dette utvikle eit informasjonsopplegg for relevante aktørar slik at forpliktinga blir betre kjend
- vurdere eventuelle reguleringar for å gjere tobakksvarer mindre tiltrekkjande for unge, til dømes når det gjeld minstestorleik på snusboksar og regulering av utsjånaden på sigarettar og e-sigarettar
- greie ut tiltak for i større grad å sørgje for at aldersgrensa blir respektert, mellom anna auka tilsyn med tobakksal
- greie ut eventuelle endringar i regelverket for sal av tobakksvarer på festivalar og i spesialforretningar for å unngå nye former for reklame retta mot unge
- følgje opp arbeidet mot ulovleg handel med tobakk, mellom anna ved å vurdere nye tiltak som er knytt til handheving og tiltak mot smugling
- greie ut tiltak for å gjere tobakksvarer mindre helsefarlege, inkludert tiltak som er retta mot ventilasjonsløyserar i sigarettar
- vidareføre dagens system for tobakksavgifter
- gjere ein systematisk gjennomgang av korleis tobakkskonvensjonen er gjennomført i Noreg, der frivillig sektor blir invitert til å delta
- leggje meir vekt på miljøkonsekvensane av tobakksproduksjon og tobakksbruk
- vurdere tiltak for betre implementering av «Nasjonal faglig retningslinje for røykeavvenning», inkludert rutinar for røykfrie pasientar før operasjon
- vurdere å setje i gang eit prøveprosjekt overfor størrørøykjarar, basert på erfaringar frå Danmark, med samarbeid mellom fastlegar, røykjesluttretteljarar på frisklivssentralar og subsidierte legemiddel til røykjeslutt



---

## *Fysisk aktivitet*

### **Regjeringa vil**

- i 2019 leggje fram handlingsplanen frå departementa for fysisk aktivitet, med eit tidsperspektiv på ti år og med revisjon undervegs
- 

---

## *Kosthald og ernæring*

### **Regjeringa vil**

- føre vidare satsinga på betre kosthald ved å følgje opp den nasjonale handlingsplanen for betre kosthald og gjennomføre ei midtvegsevaluering av planen i 2019
  - arbeide for at offentleg sektor tek ernæringsomsyn i anskaffingar av mat og drikke
  - føre vidare og halde fram utviklinga av samarbeidet med matvarebransjen med intensjon om å forlengje tidsramma for intensjonsavtalen fram mot 2025
  - gjennomføre kommunikasjonstiltak for å støtte opp under fokusområda i intensjonsavtalen mellom helsestyresmaktene og bransjen
  - ta sikte på å etablere måltidspartnarskap i samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor
  - bidra til å løfte berekraftsperspektivet inn i revisjonen av nye nordiske tilrådingar om næringsstoff
  - systematisere og gjere tilgjengeleg relevant informasjonsmateriell om kosthald som er kulturelt og språkleg tilpassa ulike målgrupper
  - ta sikte på å utarbeide ein strategi for godt kosthald og sunn ernæring hos eldre, i tråd med Granavolden-plattformen
-

---

## Rusmiddel og doping

### Regjeringa vil

- leggje fram ein nasjonal alkoholstrategi for å følgje opp den gjeldande målsetjinga om reduksjon i det skadelege alkoholkonsumet
  - styrkje det rusførebyggjande arbeidet som er retta mot ungdom
  - etablere eit samarbeid med idretten og partane i arbeidslivet om medvit rundt haldningar til alkohol i idrett og arbeidsliv og synleggjering av verdien av alkoholfrie arenaer
  - styrkje verktøykassa til kommunane i arbeidet med alkoholpolitikken
  - leggje fram ei rusreform
  - sikre kunnskapsbasert informasjon om skadeverknadene ved narkotikabruk
- 

---

## Seksuell helse

### Regjeringa vil

- bidra til god seksuell helse i befolkninga ved å følgje opp «Snakk om det! Strategi for seksuell helse (2017–2022)»
-

---

## Søvn

### Regjeringa vil

- vurdere å tilpasse kurs/retteleiing om søvn og førebygging av søvnevanskar for helsepersonell andre stader enn ved frisklivssentralane, til dømes ved helsestasjons- og skulehelsetenesta
  - integrere søvn i større grad i folkehelsearbeidet, mellom anna ved å hente inn betre data om søvn som grunnlag for tiltak lokalt, regionalt og nasjonalt, og ved å gi råd og retteleiing til foreldre om verdien av gode søvnrutinar for barn
- 

---

## Kommunikasjon og digitalisering

### Regjeringa vil

- vidareutvikle ein meir målretta kommunikasjonsstrategi, jf. satsinga «Bare du»
  - utarbeide ein nasjonal strategi for «health literacy» på ansvarsområdet til Helse- og omsorgsdepartementet
-





# *Del 3*

---

*Eit effektivt folkehelsearbeid*



*Kapittel 7 beskriv den norske folkehelsemodellen, mellom anna det nasjonale, regionale og lokale systemet for å sikre systematisk og langsiktig oppfølging av folkehelsearbeidet i tråd med prinsippa i folkehelselova.*

*Folkehelsearbeidet i kommunane skal styrkjast gjennom programmet for folkehelsearbeid, som no inkluderer alle fylke. Nasjonale myndigheiter skal hjelpe kommunesektoren ved å gi dei data om helse og påverknadsfaktorar, fagleg støtte og rådgiving. Folkehelsemeldingar kvart fjerde år skal baserast på ein rapport frå Folkehelseinstituttet om helse og påverknadsfaktorar og ei vidareutvikling av indikator-rapporteringa frå Helsedirektoratet. Utgreiing av retningslinjer for prioritering på folkehelseområdet skal gjennomførast.*

---

## *Den norske folkehelsemodellen*

### Regjeringa vil

- ta initiativ til ein samla gjennomgang av folkehelselova med forskrifter
  - vurdere om det er mogleg å skaffe betre oversikt over ressursane som blir nytta til folkehelseiltak
  - starte opp eit utgreiingsarbeid for retningslinjer om og støtte til prioritering på folkehelseområdet
  - utvikle heilskapleg rettleiing til utgreiingsinstruksen om verknader på helsa til befolkninga og helseeffektar i samfunnsøkonomiske analysar
  - halde fram med å støtte opp om det breie folkehelsearbeidet og redusere variasjonen i det systematiske arbeidet mellom kommunane
  - vidareutvikle programmet for folkehelsearbeid i kommunane
  - vurdere behovet for å betre og samordne nasjonal informasjon/statistikk som har konsekvensar for folkehelsa, på tvers av sektorar
  - støtte arbeid for å betre koplinga mellom folkehelsearbeidet og planarbeidet i kommunane
  - bidra til at folkehelseprofilane og fylkesundersøkingane blir utvikla i tråd med lokale og regionale behov
-





## Kapittel 8

### *Helse i all politikk*

*Kapittel 8 beskriv rolla dei ulike sektorane har i folkehelsearbeidet, både offentlig, frivillig og privat sektor. Det blir lagt vekt på kor viktig samarbeidet med frivillig sektor er for å betre folkehelsa. Vidare blir potensialet for samarbeid med privat sektor løfta fram.*

*Samarbeidet med næringslivet skal vidareførast, og ein vil ta sikte på å utvide samarbeidet mellom frivillig, privat og offentlig sektor.*

*Meldinga beskriv ansvaret til dei ulike departementa og aktuelle prosessar som påverkar folkehelsa. For å sikre ei god koordinering av folkehelsearbeidet vil Helse- og omsorgsdepartementet vidareføre arbeidet i ei tverrdepartemental gruppe.*

---

### *Innsats i frivillig sektor*

#### **Regjeringa vil**

- vurdere om folkehelselova og oversiktsarbeidet kan utviklast vidare for å løfte fram den rolla frivillige speler i folkehelsearbeidet, mellom anna knytt til medverknad
  - oppmode kommunane om å ha eit aktivt forhold til frivilligheita og leggje til rette for at det kan skje
  - revidere frivillighetserklæringa i dialog med frivillig sektor og kommunesektoren – medverknad og samordning vil framleis vere berande element i erklæringa
- 

---

### *Samarbeid med næringslivet*

#### **Regjeringa vil**

- vidareutvikle samarbeid med næringslivet om folkehelsearbeid på ulike område
  - følgje opp den offentlege utgreiinga om særavgifter på sjokolade- og sukkervarer og alkoholfrie drikkevarer
  - leggje til rette for skogsvegbygging. Dette bidreg òg til eit større tilbod av ferdselsårer for friluftsliv og fysisk aktivitet
-



## Kapittel 9

### *Godt kunnskapsgrunnlag for folkehelsearbeidet*

*Kapittel 9 beskriv behovet for eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Eit effektivt folkehelsearbeid av god kvalitet må byggje på kunnskap om helse og helseutfordringar, kva som påverkar helsa, og kva slags verkemiddel og tiltak som har effekt. Det skal leggjast til rette for meir systematisk utvikling og bruk av forskingsbasert kunnskap i folkehelsearbeidet. Det krev gode helseanalysar, tiltaksforskning og systematisk vurdering av effekten av tiltak gjennom følgjeforskning, evalueringar og kunnskapsopp-summeringar. Det skal i større grad leggjast til rette for evaluering ved gjennomføring av nasjonale tiltak. Det er behov for gode oversikter over helse- og påverknadsfaktorar, og ein vil byggje opp kompetanse i kommunane og fylkeskommunane og utvikle betre verktøy for å ta vare på folkehelsa på tvers av sektorar og for å få meir kunnskap om folkehelse.*

---

## *Godt kunnskapsgrunnlag for folkehelsearbeidet*

### **Regjeringa vil**

- arbeide med å etablere helseanalyseplattforma, med mål om eit heilskapleg analysesystem
  - leggje til rette for evaluering av nasjonale folkehelseiltak
  - arbeide for ei ny finansieringsordning for befolkningsundersøkingar
-

## *Kapittel 10*

---

### *Økonomiske og administrative konsekvensar*

*Kapittel 10 inneheld ein overordna omtale av dei økonomiske og administrative konsekvensane av den folkehelsepolitikken som er beskriven i stortingsmeldinga. Ein stor del av innsatsen for å betre helsa i befolkninga kan skje innanfor eksisterande økonomiske rammer og administrative system. Det er behov for å vidareutvikle folkehelsearbeidet både lokalt og på nasjonalt nivå. Nye tiltak for å styrkje folkehelsearbeidet må fremjast i ordinære budsjettframlegg.*



Utgjeve av:

Helse- og omsorgsdepartementet

Bestilling av publikasjoner:

Service- og tryggingsorganisasjonen til departementa

[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjoner er også tilgjengelige på:

[www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)

Publikasjonskode: I-1193 N

Omslagsfoto: Bård Løken / Samfoto/NTB scanpix

Illustrasjoner: Kord / 07 Media AS

Design og ombrekking: Konsis Grafisk AS

Trykk: 07 Media

12/2019 – opplag 3000